

**Får båtlaget restbeløp?**

15.01.2011

**Etter kontakt med kommunen har Uskedal Båtlag etter nokre års opphald igjen søkt kommunen om refusjon av siste avdrag på asfalteringa, som vart utført i 1989.**

**Etter søknad i 1992 fekk båtlaget utbetalt 20.000 kroner av eit totalbeløp på kommunen sin del på 41.181 kroner.**

Det vart då lova utbetaling av restsummen seinare.

Området som det vart lagt oljegrus på var 1313 kvadratmeter og av dette utgjorde kommunen sin del 777 kvadratmeter.

I søknaden om refusjon av resten blir det peika på at den kommunale vegen også vert nytta av bebuarane på Skorpo., Flatholm og Neset som kyrkjeveg.